

Referat språkpolitisk utval ved Universitetet i Bergen (UiB)

Dato: 13.04.2023, kl. 13-15

Stad: Muséplass 1, møterom 1

Til stades: Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Ingrid Marie Myklebust, Ingrid W. Solhøy, Ann-Kristin Gujord, Torbjørn Svendsen, Ingeborg Revheim (referent)

Fråvær: Anna Svingen-Austestad, Ingrid W. Solhøy, Hans-Petter Isaksen

Sak 08/23: Godkjenning av referat frå møte 14.02.23 og saksliste.

Ingen merknader

Sak 09/23: Orienteringssaker

- [Høyring om framlegg til rettskrivingsendringar](#), Språkrådet. Frist 24. april
- Nynorskfylket Vestland: Truleg møte under LNK sitt landsting i Sogndal 1.–2. juni og i samband med opning av Nynorskhuset i Førde i slutten av september
- Leiarvervet i språkpolitisk utval – kjem som sak på neste møte
- Språkmal for sentraladministrasjonen

Diskusjonssaker

Sak 10/23: Arbeid med handlingsplan og parallellspråkleg praksis

Parallellspråkleg praksis er nemnt i UiBs språkpolitiske retningslinjer. Professor emeritus Johan Myking heldt ei innleiing for utvalet der han hadde ei oppsummering av parallellspråk og domenefordeling frå 1996 og fram til i dag, og om moglege vegar vidare.

Etter innleiinga følgde ein diskusjon om korleis UiB kan konkretisere prinsippet om parallellspråkleg praksis, og kva typar innspel språkpolitisk utval kan kome med i den samanhengen. Stikkord: Leiinga er viktig, utvalet bør sjå til nasjonale retningslinjer og føringer, følgje opp innspel om medarbeidarsamtale/anna personalpolitikk, administrativt språk er viktig, inkl. målform på strategiske dokument, kunstig intelligens/ AI, domenefordeling som verkemiddel (nynorsk-bokmål).

Moment frå diskusjonen vil vere grunnlag for arbeid vidare med å lage ein intern handlingsplan for å følgje opp dei språkpolitiske retningslinjene.

Vedtakssaker

Sak 11/23: Innspel til handlingsplan for fagspråk i akademia

Vedtak: Leiaren i utvalet får fullmakt til å formulere innspel til universitetsleiinga i tråd med dei synspunkta som kom fram i møtet.

Sak 12/23: Årsmelding

Vedtak: Årsmeldinga blir vedteken med dei innspela som kom i møtet.

Sak 13/23: Eventuelt

Møtedatoer for våren og eventuelle endringar. Vil bli følgt opp på e-post.